



HAREID ROTARY KLUBB

Månedsbrev for mars 2010.

Distrikt 2280
Klubbnr. 12713

Årgang 45



Møtedag:	Mandag kl. 18.00 - 19.00
Møtestad:	Klubbhuset til Hareid IL, 6060 Hareid.
President:	Oddvar Haugen
Visepres:	Vigdis Riise
Sekretær:	Trygve Riise
Kasserar:	Johs. J. Hareide
Past pres:	Johan Ole Brandal
Styremedlem:	Magnar Hatløy
Styremedlem:	Anders Riise
Ansv.red.:	Håvard Myrene
Referent:	Hallkjell Dahle

Fødselsdagar i mars

Jarle Klungsøyr 26. mars

Frammøteporsent i mars: 69,4 %

Vaaren kommer Alt er glæde.

Vaaren kommer, Alt er Glæde,
Vintrens Nød er gjemt;
O, men Harpen i mit Indre
Klinger dog vemodig stemt.

Tryller Dig Naturens Blomstren,
Saftfuld, farverig?
Ak, det er et luftigt Teppe
Over Millioner Lig?

Kan Du glemme, hvad Du tabte,
Over denne unge Pragt?
Husk, med hver af dine Roser
Er en Orm af Søvne vakt.

Se, af Dagens Gløden stiger
Aftnens drømmerige Luft,
Blomstens hemmelige Vemod
Løser sig i Dug og Duft.

Lad det Svundnes dunkle Skygger
Blandes med din Foraars-Lyst,
Og bevar det hele Billed
I dit minderige Bryst.

Da skal intet Haab Dig skuffe,
Ingen Vinter skrække Dig;
Da er Vaaren i dit Indre
Fager og uvisnelig.

Johan Sebastian Wellhaven

Møte mandag 1. mars.

Bjørn Teigene presenterte Hareid Næringsforum (HNF) og kva tiltak dei jobbar med.

Organisasjonen er ei stifting som vart etablert i november 2004 og tenar m.a. som interessegruppe for næringslivet i Hareid Kommune. HNF har ca. 70 medlemsbedrifter og har som formål å marknadsføre Hareid som tettstad og som kommune gjennom konkrete prosjekt og tiltak for utvikling av næringsliv og lokalsamfunn. Dagleg leiar er Rakel Dyrhaug som er ute i permisjon til august. Inger Lilleås Brandal er vikar for Rakel på 50% stilling

HNF er oppdelt i 4 grupper: **industri, handel, reiseliv** samt privat og offentlig **tenesteyting,-** og arbeider i nær kontakt med Hareid kommune.

Her fylgjer ei stikkordsliste over nokre mulige tiltak/ arbeidsoppgåver:

90 mål i Hareidsmyrane kan snart vere klar til industriutbygging

Næringsstomter	Bustadomter	Samferdsel
Oppgradering av sentrum	Opparbeiding av teltplass	Telt med bord til 120 pers.
Aktivitetar i sentrum	'Opplev Hareid'	Parklaurdagar
Julegrantenning	Div.kurs vedr service	Fastlandssamband
Betre skilting i Hareid	Sentrumskart	Kulturguide 4 kommuner
Kurs HMS (helse,miljø,sikkerhet)	Åkernesrenna	Tettstadgruppe

Reiseliv:

Utvikle Kvitneset og Overåsanden Infokart

Turistinformasjon i Hareid

Møte mandag 8. mars 2010.

Endring av guvernørdistrikt.

Sunnmøre og Romsdal saman med Hedmark og Oppland skal bli til det nye guvernørdistrikt nr 2305 med ca 2300 medlemmer. Nordmøre, begge Trønde-lagsfylka samt dei tre nordligaste fylka blir det nye distrikt 2275 med ca 2000 medlemmar.

John Stennes - Guvernørkandidat 2011 – 2012 og hans engasjement i Hennumsaka.

Det låg føre brev til Hareid Rotary frå nokre medlemmar med spørsmål om kor vidt John Stennes (JS) sitt engasjement i Hennumsaka 'passa seg' i høve til Rotary sine lover og ideal,- og mulig valg som guvernør i Rotary. Det vart mykje og langvarig diskusjon og etter kvart ei avstemming blant dei frammøtte. 6 medlemmar av ca.30 stemte for kritikk av JS sitt forhold.

3-minutt innlegg ved **Einar Holm** basert på ein artikkel i bladet 'Rotary Norden'.

3-minutt innlegg ved **Johs Hareide** vedr. Rotarystien og kvernhuset nede i 'elvedamane'

Møte mandag 15. mars 2010.

Utvekslingsstudenten Azusa. Etter sjå er Azusa tilbake på besøk.



I Rotaryåret 2002-2003 hadde Hareid Rotary Klubb ein utvekslingsstudent frå Osaka i Japan. Det var Azusa Tanimura som då var 17 år gammal. Ho kom til Hareid tidleg i august 2002.

'Hennar' Rotaryklubb var Takatsuki West Rotary Clubb, som høyrde til distrikt 2660 i Japan. Azusa vart teken inn som elev ved Ulstein Vidaregåande skule, og tilegna seg raskt norskkunnskaper som var så gode at å kommunisere på norsk ikkje var noko problem.

Ho har halde kontakt med vener i Norge via Internett, og har drøymt om å få kome tilbake hit på besøk. Opphaldet denne gongen varte ei veke. Azusa er no 25 år og har studert bio-kjemi i Osaka, og har fått seg jobb der. I forhold til Japan synest Azusa at vi er heldige i Norge som kan gå rett ut i naturen, - og at vi har fine og store hus. Det er stor forskjel på Norge og Japan. Nordmenn likar å vere ute i naturen medan det i Japan ikkje er så mykje natur.

Nordmenn og japanere tenker også veldig ulikt. For ein japaner er jobb veldig viktig og det er lenger arbeidsdag enn i Norge, - gjerne til klokka 18.00 eller 20.00. At nordmenn kan gå heim frå jobb klokka 16.00 syns ho er rart.

Azusa snakkar godt norsk framleis etter opphaldet sitt her i 2002-2003 og har utruleg nok ikkje gløymt språket. Litt vanskeleg var det å lære m.a. på grunn av at det blir snakka eit språk på TV og eit anna språk lokalt.

Azusa hadde eit interessant programinnslag på rotarymøtet 15. mars om kva som har skjedd med ho etter ho reiste tilbake til Japan.

Etter programinnslaget var det mange som ville snakke med den blide og imøtekommende gjesten frå den fjerne aust.

Møte mandag 22. mars 2010.

Intercitymøte på Sjøborg, Ulsteinvik. Til stades: medlemar frå Rotaryklubbane i Herøy, Ulstein og Hareid samt nokre inviterte gjestar/tilhøyrarar, bla. Herøybru- og Eiksund-tunnel general Knut Nærø.

Tema: Hafast (Hareid Fastlandssamband)

Hans Gisle Holstad, leiar i Hareid Fastlandsamband orienterte om framdrift i arbeidet med fastlandsamband mellom Hareidlandet og Sula/Ålesund. Det var bra frammøte og Hans Gisle heldt eit godt disponert og veldig opplysnande foredrag basert på overhead presentasjon.

Han ga uttrykk for at den ytre line/traseen for stamvegen ville løyse ut fast samband både for stamvegen(E39) og for Kystvegen via Rovdebrua, Måløy og vidare til Bergen i ytre line.

Fra 2010 vert 86 % av alle vegar i Møre og Romsdal fylkesvegar, og berre få riksvegar/ stamvegar. Det blir viktig å bli klassifisert som stamveg, sidan **staten skal prioritere desse**.

Han viste til at mange kommuner og regionar har befolkningsnedgang. Difor er det viktig å bygge opp Sunnmøre som region og få kompetanseungdom tilbake til Sunnmøre.

Maritimt Møre t.d. vert utfordra av at

marknadar, konkurranse og teknologi vert globalisert

stadig sterkare konkurranse om å tiltrekke og halde på innovative bedrifter og menneskeleg kompetanse. kravet til kunnskap og innovasjon vert stadig større

Folk stiller høgare krav til bustadskvalitet

Hans Gisle viste til ein større rapport som næringslivet hadde fått utarbeidd der konklusjonen var at den mest effektive infrastruktur-investeringsa som kan gjennomførast for å bringe Maritimt Møre nærmare ein integrert kunnskapsregion, er truleg fastlandsamband mellom Hareid –Sula –Ålesund.

Han viste også til same rapporten som sa at Sunnmøre som ein meir integrert region var viktig,- der

- reiseavstandane må bli korte
- kommunikasjonen meir effektiv
- kunnskap må flyte fritt

Fylket/statens vegvesen har no konkludert med at det skal utredast to alternativ med om-syn til kryssing under fjorden nordover til Ålesund: Ein trase (Solevåg –Festøy) i noverande E39-trase, og det ein no kallar den ytre lina frå Hareidlandet via Sula til Ålesund. Dei første undersøkingane og konklusjonane skal vere ferdig i mars 2011 med deretter 1-2 års kvalitetssikring av direktoratet før regjeringa tek beslutning om traseval.

Hans Gisle viste også til prioriteringskriteria som vegvesenet har sett opp er m.a.

- vilje til bompengar og
- næringslivet sitt transportbehov

Til slutt vart det vist til at ferjer er ein vesentleg forureinar og at granskningar høgskulen i Ålesund har gjort viser at det kan vere opp til 50 % å spare miljømessig i høve til fossil energi, CO₂ og NOx utslepp. Kostnad på fastlandssamband er dyrare med to parallelle løp enn med eitt, som det tidlegare er kalkulert med , men totalt 5-6 mrd ville ein kome langt med. Vegvesenet, og konsulentar dei nyttar, held for tida på med desse vurderingane i dei såkalla KVU utredningane.

Hareid Fastlandsamband vil kome til å bli noko omorganisert etter ein retta emisjon mot næringslivet. Dette arbeidet er på gang i desse dagar opplyste Hareidsordførar, Hans Gisle Holstad, til slutt.

Møte mandag 29. mars 2010.

Påske og møtefri.